


**Sakshandsamar:**

Einar Ulla

E-post: einar.ulla@sfj.no

Tlf.: 57638051

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/4408-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

17368/16

**Dykkar ref.**

Fylkestinget

**Dato**

LEIKANGER, 31.05.2016

## Kontrollutvalet sin uttale til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap 2015

Kontrollutvalet har i møte 31. mai 2016 handsama uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2015.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Rekneskap 2015
- Fylkesrådmannen sin årsrapport for 2015
- Revisjonsmelding frå SF revisjon IKS, datert 18. april 2016

I tillegg har løn- og rekneskapsjef og revisor vore tilgjengeleg for kontrollutvalet med informasjon om aktuelle problemstillingar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2015 viser eit overskot på 58 mill. kroner. Netto driftsresultat er på 162,3 mill. kroner som er 5,4% av driftsinntektene, noko som er høgare enn for fylkeskommunane i landet (3,8%)<sup>1</sup>.

Fylkeskommunen si langsiktige gjeld var i 2014 redusert med 25 mill. kroner etter fleire år med aukande langsiktig gjeld. I 2015 oppnådde ein også ein reduksjon på om lag 60 mill. kroner. Det er framleis høg lånegjeld samanlikna med fylkeskommunane i resten av landet, men det er det er positivt at langsiktig gjeld vert redusert for andre året på rad.

Revisor har ved fleire høve informert kontrollutvalet om revisjon av rekneskapen, der utvalet har fått orientering om innhaldet i revisjonsplan og om framdrift i revisjon av rekneskapen.

Kontrollutvalet har motteke uavhengighetserklæring frå revisor, der oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit til fylkeskommunen vart stadfesta.

Revisor har følgd opp dei avtalar som er gjort md kontrollutvalet vedrørende revisjon av rekneskapen, og har ingen kommentarar utover det som er ei normal revisjonsmelding.

Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmelding datert 18. april 2016, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2015.

Med helsing

Frank Willy Djuvik  
Kontrollutvalsleiar

<sup>1</sup> Kostratal pr. 9. april 2016. Tala kan bli endra når dei endelege tala vert lagt ut i juni.